



Kåre Skjelanger
Skjelangervegen 983
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2591 - 18/1520

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
25.01.2018

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL 2014 tilskot til inngjerding på Gbnr. 55/11 Skjelanger

Administrativt vedtak. Saknr: 21/2018

Saksutgreiing:

Kåre Skjelanger søker i epost datert 16.01.2018 om utsett arbeidsfrist for å gjere ferdig SMIL-tiltak. Tiltaket gjeld tilskot til inngjerding på gbnr.55/11 på Skjelanger i administrativt vedtak saknr. 315/2014. Arbeidsfristen gjekk ut 01.12.2017. Fylkesmannen sin ref. 14/013610.

Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, og gjerdet er satt opp. Det står att noe arbeid med bensling av toppstrengen på gjerdet. Søkjar er nesten ferdig med arbeidet, og søker om ein utviding av arbeidsfristen fram til 01.12.2018. Det er høve til å forlenga fristen med 2 år for å gjennomføra prosjektet.

Kommunen vurderer at grunnane som litt bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen må akseptrast. Kommunen legg vekt på arbeidet er nesten ferdig, og at det er viktig at arbeidet vert slutført og tiltaket ferdigstilt. Kommunen vil difor godkjenne søknaden om utsett arbeidsfrist for ferdigstilling.

Vedtak

«Meland kommune gjev med dette utvida frist til Kåre Skjelanger utvida frist til 01.12.2018 med å gjennomføra siste del av tiltaket det var løyvd midlar til i administrativt vedtak saknr. 315/2014. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld gjennomføring. Kommunen synder denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak saknr. 315/2014.

Vedtaket har heimel o forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Kåre Skjelanger

Skjelangervegen
983

5917

ROSSLAND